

# NYE TEVLINGAR I NORGES BYGDEUNGDOMSLAG

**Namn på tevlinga:**

## FOTOTEVLING

**Ide bak tevlinga/begrunning:**

Det er mange som driv med fotografering av mange ulike motiv, og foto er inn i tida. Digitale bilete er kjente for folk. Ein kan ta mange flotte bilete, og ein kan læra mykje om fotografering, og få tips/erfaringsutveksling hjå andre.



**Korleis gjennomføra tevlinga:**

Det vert på førehand gjeve eit tema/oppgåve for tevlinga. Kan velja om temaet skal vera kjent for tevlarane på førehand. Døme på tema/oppgåve: Den beste grimasen, nærbilete, ut i naturen, noko blått, BU-aktivitet. Tidsbegrensing 20 min. Bileta vert viste fram på ein storskjerm rett etter tevlinga der tevlaren får begrunna biletet sitt, og publikum får sjå. Dommarane dømmer, og kjem med kommentar til bileta etterpå. Kan nytta bileta etterpå, reklamera for BU, eller kanskje i ei BU-brosjyre?



## DØMMESKJEMA

Tevlar	Tema 20%	Motiv 20%	Farger 20%	Skarphet 20%	Helhetsinntrykk 20%	Sum
1.						
2.						
3.						
4.						
5.						
6.						
7.						
8.						
9.						
10.						

**Utstyr ein treng til å gjennomføra tevlinga:**

Digitale kamera, prosjektor, datarom til presentasjon av bileta. Uteområde eller ein plass der ein kan ta bilete.

**Tips og råd, event. ein kontaktperson:**

Snakk med ein fotograf, og la han koma med tips og råd, og gjere vera dommar. Kontaktperson: Lene Sikveland, tlf: 934 51 973.